

Møtereferat FAU 22.11.2023. ØUS.

Tilstades:

Rektor: Trine Omland

Leder FAU: Guro Gunnarsen

Rolf Normann Dale, Nina Skibenes, Karen Stølsnes Helle, Åse-May Solsvik Blom, Vibeke Dale Oen, Hedda Oen Risløw og Randi Dale Harketstad(referent)

1. MOT fotballturnering. Natt til 1 mai 2024. Her må me skaffe vakter og kioskmedhjelparar.
Me ynskjer å unngå pengepremier, då det trigga til mykje knuffing ved sist turnering.
2. Regine Oen Rong er invitert inn på ein FAU-møte i byrjinga av neste år. Viktig å kome saman for å drøfte ulike problemstillingar.
3. FAU-leiar har hatt møte med Betre Oppvekst. Forskning saman med NHH. Tilrettelegging/ strategiar for ungdom som fell utanfor.
4. Hjartesukk frå nokre foreldre tatt opp av klassekontakt: for mykje informasjon i Transponder. P.d.d har ikkje Transponder den funksjonen som heiter Tavle, der gjerne noko av den generelle infoen kunne ha stått, så den informasjonen som kjem i Transponder framover må kome slik den har gjort. Kan elevane våre få same informasjon på anna måte?
5. 10 klasse har gjennomført:
 - Halloween party. Flott gjennomført, men litt dårleg oppmøte blandt elevane.
 - Klæsbytedag. Lite oppmøte. Tenkje annerledes neste år.
6. Det vert arrangert skidag i veke 4 i 2024. Her snakka me om at det hadde vore supert å fått gjennomført ein skiutstyrsdag, saman med FAU frå barneskulane i nærområdet.

7. Det har komen påmelding til juleballet. Prisen er satt til kr 250,-
Innspele om at dette er for dyrt. Kan FAU vere med å sponse noko av billetten?

8. Det er, og har vore mykje uro og stjeling på Rong Senter. Kva kan me gjere for å snu denne trenden? FAU har hatt møte med senterleiinga, og me venter på tilbakemelding frå dette møtet.
 - Det må verte mindre attraktivt å gå på senteret i skuletida. Her må me vere kreative. (varm mat/ tilby anna type mat/brusautomat)
 - Ungdata undersøkinga kjem snart.

9. **NY IT-gruppe:** Hedda Oen Risløw, Rolf Normann Dale og Vibeke Dale Oen. Dei skal finne gode og varige løysingar på korleis best oppbevare informasjon, dele viktige saker og open og god kommunikasjon i FAU, slik at informasjonen flyt lettare frå år til år.

- referent-